

Vedlegg 2

Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

Innkomne høringsuttalar - oversikt

Alle uttalane er lesne og vurderte opp mot planutkastet. Innspela er anten innarbeidde i planen, tekne med til handlingsprogrammet, noterte til vidare arbeid med realiseringa planen eller ikkje tekne til følgje.

| Høringsuttalar, stikkord | Motteke |
|--|----------|
| 1. IMDI Planen har med viktige punkt innan kulturelle ressursar, mangfald og fellesskap. | 22.08.18 |
| 2. Indre Sogn kystlag Er i gang med restaurering av Storbåten til Mari Jens-garden i Sogndal. Få båten på fjorden, opplæring og samarbeid med skular, museum, barnevern, kommunar | 24.08.18 |
| 3. Høgskulen på Vestlandet God og inkluderande arbeidsprosess med kulturplanen. Planen bør vere kortare, ha klare prioriteringar, vere meir strategisk, ha illustrasjonar, meir utfordrande når det gjeld kunnskapsbehovet i det regionale kulturarbeidet. | 27.08.18 |
| 4. Sogn og Fjordane teater Meiner SoFT bør inn som kulturelt kraftsenter. Må få meir utfyllande handlingsprogram. | 27.08.19 |
| 5. Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane Støttar mål og hovedtema. Oppmodar om meir støtte til kulturhusa, tilrettelegge dei enkle nærmiljøanlegga, problematisk at så mange bibliotekfilialar vert lagde ned, eldre har store kunnskapar om kulturarven som må nyttast, Den kulturelle spaserstokken er viktig. Råda for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne må få meir påverknad. Skape gode møteplassar lokalt. | 28.08.18 |
| 6. Førde internasjonale folkemusikkfestival Positiv til planutkastet. Understrekar viktigheita av å få integrert folkemusikkstillingar i distriktsmusikarordninga, alternativt at fylkesmusikarordninga held fram. Vi må ta ansvar for bevaring og vidareføring av våre eigne musikk- og dansetradisjonar. Sikre gode rammevilkår for eit variert festivaltilbod. | 29.08.18 |
| 7. Sogn og Fjordane husflidslag Planen grundig og konkret. Ynskjer at handlingsboren kunnskap og handverkstradisjonar kjem noko tydelegare fram. Peikar på dei mange næringsdrivande handverkarar som utøver og vidareutviklar tradisjonelle teknikkar. | 30.08.18 |
| 8. Bokbyen i Fjærland Støttar tanken om faste driftstilskot. Støttar punkt om barn og unge og nynorsk. Framlegg til endra ordlyd om Bokbyen i planen. | 31.08.18 |
| 9. BRAK, kompetansesenter for musikkmiljøet i Hordaland og Sogn og Fjordane Mange positive tiltak i planen. Svært bra at fylkeskommunen vil gå inn med langsigte avtalar med festivalane. Bør også gå inn med midlar til fleire mindre festivalar. Oppmøde kommunane om å opprette søknadsordningar for kultur i større grad. Vidareutvikle infrastrukturen på kulturfeltet, øvingsrom, instrument, utstyr. Samarbeid mellom kommunane for å utvikle tilboda i kulturskulen, få nye tilbod som opplæring i digital komponering og arrangering. | 31.08.18 |
| 10. Fylkesrådet for eldre Positive til planutkastet. Ynskjer at planen også omtalar seniordans som er ein viktig aktivitet for eldre. | 31.08.18 |

| | | |
|--|---|----------|
| 11. Sogn og Fjordane idrettskrins | Peikar på at fylkeskommunen involverer i planprosessar, men kan i sterke grad involvere i arbeidet for å nå planmål, døme Regional plan for folkehelse der organisasjonane er definerte som samarbeidspartar og aktørar på fleire satsingsområde. Meiner kulturplanen burde gjenspegle det vide kulturomgrepet på ein betre måte. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv må få meir plass under bakgrunn, rammer for planarbeidet, status og plantema. Framhevar omfanget av frivillig arbeid i idretten, idrettens rolle i å utvikle inkluderande fellesskap. Planen må få fram idretten sine utfordringar og satsingsområde betre, m.a. ta utgangspunkt i idrettskrinsens handlingsplan 2016-2020. Viktig å samordne utbygging og bruk av anlegg. Fleirbruksanlegg for idrett og fysisk aktivitet bør vurderast som kulturelle kraftsenter. Idrett og fysisk aktivitet viktig i samband med tidleg engasjement, bør nemne helseeffekten av fysisk aktivitet for fysisk og psykisk helse samt sosiale band og fellesskap. | 31.08.18 |
| 12. Førde kommune | Sluttar seg til planen. Viktig å bidra til å setje agendaen for kulturutvikling i det nye fylket. Vekt på kulturskulen, fylket må få til gode fordjupingstilbod og talentutvikling. Fylkesmusikkarstillingane sentrale for å sikre folkemusikktradisjonane. Særs viktig å ha fokus på nynorsk. Dei profesjonelle kulturinstitusjonane må sikrast gode rammevilkår. | 31.08.18 |
| 13. Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane | Meiner planen er god. Innspel på konkrete formuleringar som gjeld profesjonelle kunstnarar og kunst i det offentlege rom. Foreslår at Sogn og Fjordane kunstmuseum bør nemnast som kulturelt kraftsenter. | 31.08.18 |
| 14. Musea i Sogn og Fjordane | Stiller seg bak dei overordna måla i planen. Bør nemne Lev vel-prosjektet. Meiner planen langt på veg er kjenneteikna av eit instrumentelt syn på kultur, bør vektlegge kulturens eigenverdi i større grad. MiSF bør inn som kulturelt kraftsenter, i utkastet er berre Kvernsteinsparken nemnt. Definisjonen av kraftsenter mangelfull, og det er misforhold mellom dei kulturelle kraftsentra sin plass i planstrukturen og handsaminga i planen. Besøkstal er refererte frå Norsk kulturindeks, desse gir ikkje eit fullstendig biletet utan kontekst. Opne for nærmare samarbeid med fylkeskommunen om bygningsvernkompetanse. Saknar drøfting om kva som ligg bak dei offentlege tilskota til MiSF. Uro for økonomiske rammevilkår etter samanslåinga med Hordaland, hadde ynskt meir aktiv tenking om korleis forholda blir for musea i det nye fylket. Meiner planen bør vere meir utfyllande når det gjeld museumsmagasin og andre investeringsplanar. Holviukejekta bør nemnast som kulturminne av nasjonal og internasjonal betydning. Planen burde hatt eit eige delkapittel om kulturturisme. | 31.08.18 |
| 15. Firda vidaregåande skule | Meiner kapitlet om scenekunst bør delast i eitt for dans og eitt for drama. Svært viktig i samband med nytt fylke at tilboda ved Firda vgs vert godt forankra i planverket. Konkret innspel for å dekkje opp dette, m.a. utvikle samarbeidet mellom kulturskulane og dei fylkesdekkande opplæringstilboda innan musikk, dans og drama. Arbeide for at dei fylkesdekkande tilboda innan musikk, dans og drama ved Firda vidaregåande skule vert styrkte i det nye fylket. Arbeide for eit tettare samarbeid mellom dramamijøet ved Firda vidaregåande skule og teatermiljøa, og mellom kulturskulane, Den kulturelle skulesekken, UKM (Ung kultur møtest) og musikk, dans og drama ved Firda vidaregåande skule. Under kulturelle kraftsenter nemne Firda som viktig institusjon innan kulturfag. Firda ressursskule for DKS. | 31.08.18 |

| | | |
|--|--|----------|
| 16. Flora kommune | Vurderer planen til å vere dekkande for kulturfeltet generelt, planen peikar på kulturfeltet si rolle og viktige satsingsområde. Ber fylkeskommunen ta ei aktiv rolle i å skape ein formell møtestad mellom kommunane og fylkeskommunen. Samarbeid avhengig av tett dialog og faste møtepunkt, både på politisk og administrativt nivå. Ber om at kystkulturen blir synleggjort, kystkulturlandskapet, ferdslevegane langs kysten og kulturminna her, vidare at det blir peika på utfordringar knytte til fartyøyvern og satsing på veteranbåtane. Tydeleggjere arbeidet med mellomaldarkyrkjene i Stein. | 01.09.18 |
| 17. Vestnorsk filmsenter | Har hatt formelt samarbeid med Sogn og Fjordane sidan 2009. I samarbeidet ligg tilgang på utviklings- og produksjonsmidlar samt kompetanse- og nettverksbygging. Viktig å oppretthalde fokus på regional filmsatsing inn i det nye fylket. Må ha berekraftig økonomi, satsing på kulturnæringer. Bra at planen framhevar den frie kunstnariske filmen og vil styrke kinotilbodet. Vidare positivt at arbeidet med å utvikle fylket som lokasjon for filminnspelingar er eit mål i planen. | 01.09.18 |
| 18. Ungdomspolitisk utval | Støttar målet om å auke opp att spelemiddeltilskotet til kulturbygg. Meiner ein ikkje skal leggje føringar for næringslivet når det gjeld bruk av nynorsk. Bør ha fleire scenekunsttilbod som elevane sjølve kan delta på. Bør få inn at ein skal utvide kinotilbodet i heile fylket. Lite nynorskbøker på biblioteka, opningstidene bør utvidast. Opprette kraftsenter med yngre målgruppe. Ynskjer kulturtakstordning. Meir informasjon om UKM. Fleire stader liten samanheng mellom tekstdelen og kulturpunktene under I Sogn og Fjordane vil vi. Innspel på konkrete omformuleringar i teksten. | 02.09.18 |
| 19. Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane | Peikar på at bygningsarven i fylket er særskilt rik, men under press. Med utgangspunkt i Lillingstonheimen og Jensbya kystkultursenter er ambisjonen å særleg fokusere på bygningsvernkurset, lokale handverkstradisjonar og formidling. Under Kulturelle kraftsenter bør det til omtalen av stavkyrkjene nemnast besøkssenteret ved Borgund, planlagt senter ved Hopperstad og planlagt verdsarvsenter ved Urnes. | 02.09.18 |
| 20. 4 H Sogn og Fjordane | Planen tek opp mange viktige område som gjeld utviklinga av kulturarbeidet og kulturinstitusjonane. Foreslår at det bør inn eit punkt i kapitlet om kulturhusa om at kommunane og fylkeskommunen må ha oversyn over alle kulturhusa i regionen, og i samarbeid med frivillige organisasjonar på fylkesnivå, som Sogn og Fjordane Ungdomslag og Huset i bygda, kunne gje råd og rettleiing om drift og utvikling av kulturhusa. Meiner vidare at det i planen må tydeleggjera at det offentlege har eit spesielt ansvar for at alle får like moglegheitene og blir inkluderte, og at sosiale utfordringar, økonomi, kulturell bakgrunn eller nedsett funksjonsevne ikkje står i veggen for deltaking. Har fleire konkrete framlegg til handlingsprogrammet. | 03.09.18 |
| 21. Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane | Ser at kulturplanen i langt mindre grad dekkjer felta fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv enn Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjer. Planen er mangelfull grunna uferdig handlingsprogram. På framsida bør tema planen dekkja listast opp. Saknar eit punkt om ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk etter krav frå departementet. Bør halde fram fordelinga med 15 % til nærmiljøanlegg. Under innsatsområde to bør overskrifta vere Kultur- og naturarven. Støttar styrking av formelle møtepunkt og at kommunane bør utarbeide frivilligpolitikk. Viktig med faste utviklingsavtalar i eit nytt fylke. Konkrete framlegg til formuleringar som styrkar områda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjennom teksten. | 03.09.18 |

| | |
|--|-----------------|
| <p>22. Hordaland fylkeskommune</p> <p>Saka er handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 21.08.18 og fylkesutvalet 30.08.18.</p> <p>Vedtak i fylkesutvalet 30.08.18: Fylkesutvalet tar saka til orientering.</p> <p>Fylkesrådmannens innstilling:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesutvalet ser positivt på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til ny regional plan for kultur. Planen identifiserer aktuelle kulturpolitiske utfordringar og peikar ut satsingar som er viktige i dagens Sogn og Fjordane. Planen bør vere retningsgjevande for vidare prosessar i Vestland fylkeskommune, og i saker som gjeld den nordlege delen av det framtidige fylket. 2. Fylkesutvalet meiner at det vil styrke framlegget til regional plan og handlingsprogram dersom ein i større grad tek drøfta behovet for samordning av arbeidsmetodar og verkemiddel i dei to fylkeskommunane før etableringa av Vestland fylkeskommune 1.1.2020. 3. Fylkesutvalet meiner at planframlegget i større grad bør sjåast i samband med vedtekne regionale planar i Sogn og Fjordane og Hordaland innanfor kultur og idrett og folkehelse. 4. Fylkesutvalet har merknader til planframlegget og rår til at framlegget vert justert i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling på følgjande punkt: <ol style="list-style-type: none"> a. Vurdering av regionale tilskotsordningar på kultur- og idrettsfeltet. b. Drøfting av bruken av samarbeids- og partnarskapsavtalar. c. Vektlegging av behovet for ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet, med vekt på kunstens autonomi og eigenverdi. d. Tydeleggjering av behovet for nettverk og kompetanse innan profesjonelle kunstfeltet, og potensialet i å ytterlegare nytte nettverk som allereie er etablerte i Hordaland. e. Styrka fokus på vidareutvikling av kunst i offentleg rom, jf Hordaland fylkeskommune sin politikk på feltet. f. Definere ein politikk for toppidrett, større meisterskap og dopingførebyggjande arbeid. g. Samhandling med FOU-miljø og utvikling av regionalt viktige nettverk og samarbeidsmodellar. h. Utviklingsarbeid i høve friluftsliv. i. Utvikling av skulebibliotek i vidaregående opplæring. j. Utviding av bokbåttenesta til heile det nye vestlandsfylket. k. Tydeleggjering av den overordna samfunnsrolla som fylkesarkiva har og kan ta innan det kulturhistoriske feltet. l. Utdjupe tema Universell utforming | <p>04.09.18</p> |
|--|-----------------|